

# **Rapport: Formidlingsmidlar frå Nasjonalbiblioteket 2023:**

## **«Ut av bibliotekrommet»**

### **ved Surnadal bibliotek**

#### **Mål for prosjektet:**

- Auke bibliotekpersonalet sin kompetanse innan formidling av litteratur
- Bringe biblioteket og litteraturformidlinga ut av bibliotekrommet
- Nå nye brukarar gjennom lesegrupper og sosiale medier
- Formidle litteratur og gje litteratur-opplevelingar til grupper som brukar biblioteket lite

Vårt hovudfokus i arbeidet med å nå måla var lesestunder med Shared Reading-metoden. Vi arbeidde og med å bli meir aktiv på sosiale medier. Kun ein person har jobba med prosjektet, difor blir det bruka eg-form i rapporten.

#### **Gjennomføring og erfaringar**

##### **1. Lesestunder med Shared Reading-metoden**

###### **Gjennomføring:**

Som nykursa leseleiar innan Shared Reading-metoden, ville eg auke mi erfaring og kompetanse i å ha slike lesestunder. Eg ville særleg prøve ut metoden for å formidle litteratur til grupper som ikkje brukar biblioteket mykje. Etter litt sondering og kontakt med mulege samarbeidspartnarar, landa eg på at eg ville fokusere på to ulike grupper: ungdommar og folk som ikkje bur nært sentrum i kommunen, og dermed og bur langt frå biblioteket.

Eg etablerte kontakt med Surnadal vidaregåande skule gjennom fagleiar for fellesfag i februar, og han hjelpte meg med å formidle tilbudet mitt til aktuelle lærarar. Nærare sommaren tok ein interessert norsklærar kontakt, og vi avtala at eg kunne kome og ha Shared reading for elevane hennar til hausten. Frå ungdomsskulen fekk eg ikkje noko respons på våren. Difor sendte eg ut informasjon om tilbodet igjen på hausten, og då var det ein lærar som var interessert, og vi fekk avtala at eg skulle få ha nokre lesegrupper for ein 10.klasse.

Når det gjeld lesegruppene i bygdene rundt om i kommunen, vart det her ulike samarbeidspartnarar; sokneråd, «Venneforening» for gamal skule, grendalag og Nordmørsmusea. Eg skulle ha to lesegrupper før sommaren (ei vart dverre avlyst pga. sjukdom), og resten hadde eg på hausten.

Parallellt med at eg prøvde å etablere kontakt med samarbeidspartnarar, byrja eg å førebu meg innhaldsmessig til å ha lesegrupper. Eg leita etter aktuell litteratur og fekk lest utruleg mykje noveller og dikt. Når eg las vurderte eg om teksten eigna seg til Shared reading, kva målgruppe teksten passa for, og eg noterte ned kva tema ein kan finne i teksten. Dette var veldig lærerikt og nyttig arbeid, som eg var glad for å ha gjort når eg skulle setje i gang med konkrete tekstval. Eg var og med på nokre digitale forum for leseleiarar. Då eg omsider fekk etablert kontakt med ungdomsskulen utpå hausten, vart det ein ny periode med lesing av mykje noveller og dikt med tanke på å finne passande tekster for den aldersgruppa, sidan eg hadde fokusert mest på vaksne og vgs-elevar tidlegare.

Gjennomførte lesestunder:

- 3 stk. på Surnadal vidaregåande skule (2. år)
- 3 stk. på Surnadal barne- og ungdomsskule (10. trinn)
- 1 stk. på Surnadal bibliotek
- 1 i Todalen (medarrangør: Skulstuas venner)
- 1 i Åsskard (medarrangør: Åsskard sokneråd)
- 1 i Øvre Surnadal (medarrangør: Mo grändalag)
- 1 på Åsen bygdemuseum (medarrangør: Nordmørsmusea)
  - Sum: 11 lesestunder

### **Erfaringar:**

Eg fekk gjort utruleg mykje god øving gjennom prosjektet, både når det gjeld val av tekster, og sjølve gjennomføringa av metoden. Eg fekk bygd meg opp ein liten katalog med eigna tekster til Shared reading, og fekk formidla mange av desse tekstane. Eg opplevde det som vanskeleg å få innpass hos skulane. Eg skulle gjerne fått til å ha enda fleire lesegrupper der, men seier meg ganske fornøgd med å ha fått gjennomført fleire lesestunder for ungdommar som eg aldri har sett på biblioteket.

Lesestundene på vgs. gjekk veldig bra, med fokuserte og interesserte elevar. Det var litt utfordrande å få til samtale undervegs i teksten – eg fekk bruke meir direkte spørsmål enn ein må hos vaksne for å sette i gang refleksjonar. God øving! Det var likevel veldig fine stunder med god stemning, og med fleire fine refleksjonar og forsiktig samtale med elevane. Eg fekk og høyre frå læraren at elevane tykte det var koseleg.

Lesestundene med 10. trinn vart meir som vanleg høgtlesning enn Shared reading, då det var nesten umuleg å få i gang noko samtale om teksten. Det kan nok ha å gjere med samansettning av gruppene, og at dette var noko heilt nytt for elevane. Med tanke på dette hadde det nok vore ein fordel å få ha same gruppe fleire gonger, men det blei det ikkje mulegheit til. Eg hadde mistanke om at det blei lite samtale, difor hadde eg med meg fleire noveller og dikt, og det blei det bruk for. Likevel trur eg elevane fekk noko ut av tekstane, og dei fleste følgde godt med under lesing. Nesten dei einaste eg fekk «ut av dei» var kva tekst dei likte best av dei vi leste, og då kom det kontante svar som tyda på at noko i den teksten hadde truffe dei.

På lesestundene rundt om i bygdene var det for det meste godt vaksne deltagarar, og her gjekk praten godt. Her kunne utfordringa av og til vere å styre samtalen attende til teksten, viss det sklei ut.

## 2. Aktivitet på sosiale medier

### Gjennomføring og erfaringar:

I søknaden skreiv vi at vi skulle opprette ein TikTok-konto, og prøve å få til eit samarbeid med elevar ved ungdomsskulen eller vidaregåande til å lage innhald, slik eg ser at nokre andre bibliotek har gjort. Eit slike samarbeid fekk eg ikkje oppretta. Eg laga ein konto, og har forsøkt meg litt på å lage innhald – men med det manglande tenkte samarbeidet og mykje skepsis rundt TikTok, bestemte eg meg for å heller fokusere på instagram. Eg har gjennom året publisert meir enn året før, og i tillegg hadde vi i desember ein adventskalender på instagram og facebook. Her fokuserte vi på å gjere alle våre tenester og tilbod kjent, i tillegg til boktips og filmtips.

Antal innlegg, reels og historier på instagram i 2022: 40

Antal innlegg, reels og historier på instagram i 2023: 112

### Måloppnåing

Gjennom dette prosjektet har eg fått øve mykje og auka kompetansen min innan Shared reading – både litteraturval og gjennomføring av lesestunder. Eg har prøvd med fleire ulike deltagar-grupper og gjort både positive og negative erfaringar. Det har vore gjevande og lærerikt. Vi har klart å bringe biblioteket og litteraturformidling ut av biblioteklokalet, og nådd brukarar som ikkje nyttar seg av liknande tilbod når det går føre seg på biblioteket. Vi har og hatt meir aktivitet på sosiale medier, med vekt på instagram – og håpar at dette har vore ei «påminning» til folk at vi fins. Ved samanlikning av bibliotekstatistikken frå 2022 og 2023, er det auke i både besøkstal (frå 8969 til 11473), fysiske utlån (frå 8173 til 9039) og digitale utlån (frå 1061 til 1251). Om dette har noko med prosjektet å gjere, kan vi sjølv sagt ikkje vite. Men det er heller ikkje usannsynleg at aktiviteten vår utanfor biblioteket og på sosiale media har ein positiv effekt og gjer folk meir interesserte.

### Vidareføring

Eg som har jobba med dette prosjektet føler at eg har fått lært og øvd meg på mykje nyttig, som gjer det lettare å jobbe vidare med liknande tiltak framover. I 2024 vil prioriteringa ligge på eit nytt prosjekt, men eg ønsker å fortsette med Shared reading, og å fortsette å vere aktiv på sosiale medier for å gjere tilbodet vårt kjent. Eg vil absolutt anbefale andre i kommuner med stort areal å bevege seg ut av sentrum – for eksempel med Shared Reading. Når det gjeld ungdommar, var det nyttig å øve på formidling til målgruppa – men eg hadde gjerne fått raskare og betre kontakt med skulane, og få formidla til fleire. Likevel er jo dette nyttig erfaring og nettverksbygging som kan byggast vidare på. Det er ikkje lett å få «innpass» på skulane – forståeleg nok - men dette er i alle fall ein liten start.

**Budsjett i prosjektsøknad:**

Omsøkt beløp fra Nasjonalbiblioteket: 60.000 kr (tilsvarande 130 arbeidstimar)

Eigeninnsats arbeidstid: 15.000 kr (tilsvarande 33 arbeidstimar)

**Reknskap for gjennomføring av prosjektet:**

Frikjøp av bibliotektilsett: 59.914 kr (tilsvarande 129.96 arbeidstimar)

Arbeidstid for bibliotektilsett, 33 timer med timesats kr. 461 inkl. sosiale utgifter: 15.213 kr

25.03.2024

Gunhild Marie Täringskog, (biblioteksjef) for Surnadal bibliotek

Vedlegg: Reknskap for frikjøp, signert av kulturleiar.